



Vang kommune

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 05.02.2026
Møtetid: Kl. 09:00 - 15:00
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte

Jørand Ødegård Lunde
Bjørn Olav Søndrol
Elisabeth Myhre
Lars Østbye Hemsing
Steinar Frøyen
Vidar Eltun
Asgrim Opdal
Jon Helge Solemsli
Leif Solemsli
Tom Kjetil Tørstad
Erlend Eggen
Camilla Bjone Hålien
Kristin Bakke Lajord

Parti

ANDR
AP
AP
AP
AP
AP
BIV
BIV
BIV
BIV
MDG
SP
SP

Forfall

Stine Solemsli
Unni Sandsengen
Elisabeth Hålien
Ingvild Oldre Heggom

Parti

AP
AP
BIV
SP

Varamedlem møtte

Inga Bøe
Torill Gulbrandsen
Odd Vidme
Anne Karin Skjær

Parti

AP
AP
BIV
SP

Møtenotater:

Orientering:

09:10 - VKR - hentordning v/Hans Solbrekken Ruud

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
004/26	Godkjenning av møteprotokoll
005/26	Spontanspørjetimen
006/26	Søknad om fritak frå politiske verv
007/26	KS Debattheft 2026
008/26	Kommunedelplan for naturmangfald - Vang kommune
009/26	Organisering av startlånsordninga Vang kommune
010/26	Renovasjonsgebyrer frå Valdres Renovasjon IKS 2026
011/26	Presiseringar om gebyrer og leigeprisar innan gebyr-regulativet for 2026 og budsjettendring for utgifter til kontrollutval og revisjon 2026
012/26	Revisjon av retningsliner for tildeling av tilskott til berekraftig samfunnsutvikling.
013/26	Samlesak for referatsaker

004/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 6, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 004/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

005/26 Spontanspørjetimen

Tom Kjetil Tørstad (BIV):

Telefonsignal i Vang er ustabilt.

Spørsmålet vart svara ut av kommunedirektør. Ordførar og kommunedirektør vil høyre med Telenor og Telia, og evt NKOM, om ei mogleg orientering for kommunestyret.

Undersøking: Er Vang ei næringsvennleg kommune? Korleis blir dette brukt?

Spørsmålet vart svara ut av ordførar. Undersøkinga vart presentert på førre næringsfrukost, og blir tatt inn som grunnlag i arbeidet med strategisk plan for næringsutvikling.

I lys av at me no har ein nyleg vedtatt KPS der det er tydeleg at me i Vang ynskjer å utvikle innafor mellom anna fritidsbustader og turisme, kan ein få eit inntrykk av at det kjem fleire `underliggande` planer som snevrar inn ytre rammer ein har sett for seg i KPS en.

Korleis brukar administrasjon plan for vassmiljø og no `naturmangfaldsplan` opp mot KPS?

Korleis blir vektinga mellom desse planen der ein finn motstridande interesser?

Spørsmålet vart svara ut av kommunedirektør, som orienterte om samanhengen mellom kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel), planstrategi, kommunedelplan og økonomiplan (handlingsdelen). Administrasjonen vil nytte seg aktivt av dei planane kommunestyret vedtek, både som kunnskapsgrunnlag og styringsdokument for delegert saksbehandling, og som kunnskapsgrunnlag for politiske saker. Kommunale planar er del av eit hierarkisk system. Nokre planar, slik som KPA, reguleringsplanar er juridisk bindande, medan andre er kunnskapsgrunnlag for vedtak. Det er i økonomiplan/handlingsdelen at det gjerast prioriteringar for kva tiltak som skal settast i gang i økonomiplanperioda.

Vidar Eltun (AP):

Bassenget på VBU. Kvifor er bassenget stengt ut februar?

Svarast ut i neste møte

Jon Helge Solemsli (BIV):

Branntomt Bøflaten, forsøpling med meir. Kva kan kommunen gjere?

Svar frå kommunedirektør: Administrasjonen er i prosess for å følge opp at tomta blir rydda.

Kommunen har heimel til å krevje rydding både etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Om kommunen skal gjere noko i eigen regi må det økonomiske risikoen avklarast.

Bassenget på VBU. Kvifor er bassenget stengt ut februar?

Svarast ut i neste møte

Steinar Frøyen

Ukraina. DSB. Aggregat. Har VK noko me kan donere?

Komunedirektør og formannskapet jobber vidare med aggregatspørsmålet med eventuell heimel om hastevedtak i kommuneloven.

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 005/26 Vedtak:

006/26 Søknad om fritak frå politiske verv

Framlegg til vedtak:

Med atterhald om at punkt ein blir vedteke vil fritaket løysast slik:

1. Helge Lajord, første vararepresentant i kommunestyret for Vang Senterparti, tek mellombels over som fast representant i kommunestyret (rekkefølgeval).
2. (Namn etter forslag i møtet) tek mellombels over varaplassen i formannskapet
3. (Namn etter forslag i møtet) tek mellombels over plassen i valnemnda
4. (Namn etter forslag i møtet) tek mellombels over varaplassen i administrasjonsutvalet
5. (Namn etter forslag i møtet) tek mellombels over plassen i ungdomsrådet

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Forslag til medlemmer og varamedlemmer, fremja av Kristin Bakke Lajord, Senterpartiet

Fast medlem i kommunestyret: Helge Lajord

Varamedlem til formannskap og administrasjonsutvalg: Camilla Bjone Hålien

Medlem til valnemnda : Kristin Bakke Lajord

Val, fremja av Kristin Bakke Lajord, Senterpartiet

Medlem i ungdomsrådet : Jørund Ødegård Lunde

Varamedlem: Kristin Bakke Lajord

Fritak blir innvilga, fremja av Erlend Haaverstad,

Ingvild Oldre Heggom får fritak i perioda ho har søkt om

Votering nr 1 - Votering over forslagForslag: **Fritak blir innvilga**

Erlend Haaverstad

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3**Mot:** 0 stemmer (0%)**Votering nr 2** - Votering over forslagForslag: **Forslag til medlemmer og varamedlemmer**

Kristin Bakke Lajord (SP)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3**Mot:** 0 stemmer (0%)**Votering nr 3** - Votering over forslagForslag: **Val**

Kristin Bakke Lajord (SP)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3**Mot:** 0 stemmer (0%)**KS - 006/26 Vedtak:**

Ingvild Oldre Heggom får fritak i perioda ho har søkt om

Fast medlem i kommunestyret: Helge Lajord

Varamedlem til formannskap og administrasjonsutvalg: Camilla Bjone Hålien

Medlem til valnemnda : Kristin Bakke Lajord

Medlem i ungdomsrådet : Jørund Ødegård Lunde

Varamedlem: Kristin Bakke Lajord

007/26 KS Debatthefte 2026**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Vang kommune sluttar seg til høyringsuttalen slik den går fram av saksframlegget, og sender denne som kommunen sitt svar på høyring til KS-debatthefte 2026 «Tid for taktskifte».

05.02.2026 Kommunestyret**Behandling****Votering nr 1** - Votering over forslagForslag: **Opprinnelig forslag****For:** 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3**Mot:** 0 stemmer (0%)**KS - 007/26 Vedtak:**

Kommunestyret i Vang kommune sluttar seg til høyringsuttalen slik den går fram av saksframlegget, og sender denne som kommunen sitt svar på høyring til KS-debatthefte 2026 «Tid for taktskifte».

008/26 Kommunedelplan for naturmangfald - Vang kommune**Framlegg til vedtak:**

Vang kommune vedtek Kommunedelplan for naturmangfald (2025-2033).

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Tillegg i handlingsdelen - nytt tiltak om skjøtselsplan, fremja av Bjørn Olav Søndrol, Arbeiderpartiet
Det skal utarbeides ein plan for tiltak om skjøtsel av gammel slåttemark, beiteområder og stølsvoller for å hindre attgroing og eventuelt gjenopprette allereie attgrode områder.
Vegitasjonskartlegginga frå Nibio kan være eit utgangspunkt

Tillegg under tiltaket om "Informere om tilskotsordningar", fremja av Erlend Eggen, Miljøpartiet Dei Grøne

Informere om vern av nøkkelbiotoper og muligheter ved frivillig vern.

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Tillegg under tiltaket om "Informere om tilskotsordningar"**

Erlend Eggen (MDG)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **Tillegg i handlingsdelen - nytt tiltak om skjøtselsplan**

Bjørn Olav Søndrol (AP)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 3 - Voting over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 008/26 Vedtak:

Vang kommune vedtek Kommunedelplan for naturmangfald (2025-2033).

Informere om vern av nøkkelbiotoper og muligheter ved frivillig vern.

Det skal utarbeides ein plan for tiltak om skjøtsel av gammel slåttemark, beiteområder og stølsvoller for å hindre attgroing og eventuelt gjenopprette allereie attgrode områder.

Vegitasjonskartlegginga frå Nibio kan være eit utgangspunkt

009/26 Organisering av startlånsordninga Vang kommune

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vang vedtek at Vang kommune sjølve skal forvalte Husbankordninga startlån frå 1.3.2026

Kommunestyret i Vang delegerer mynde knytt til Husbankloven §§ 1 og 10-12 til kommunedirektøren i Vang

Kommunestyret i Vang delegerer mynde til å utarbeide og godkjenne retningslinjer for tildeling startlånordninga til kommunedirektøren, innfor lovgjevinga og premiss og prioriteringar i denne saka.

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 009/26 Vedtak:

Kommunestyret i Vang vedtek at Vang kommune sjølve skal forvalte Husbankordninga startlån frå 1.3.2026

Kommunestyret i Vang delegerer mynde knytt til Husbankloven §§ 1 og 10-12 til kommunedirektøren i Vang

Kommunestyret i Vang delegerer mynde til å utarbeide og godkjenne retningslinjer for tildeling startlånordninga til kommunedirektøren, innafor lovgjevinga og premiss og prioriteringar i denne saka.

010/26 Renovasjonsgebyrer frå Valdres Renovasjon IKS 2026

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyrsatser 2026 for renovasjon husholdninger, hytter og støler og systematisk septiktøming godkjennes som det går fram av vedlagt gebyroversikt

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 010/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyrsatser 2026 for renovasjon husholdninger, hytter og støler og systematisk septiktøming godkjennes som det går fram av vedlagt gebyroversikt

011/26 Presiseringar om gebyrer og leigepreisar innan gebyr-regulativet for 2026 og budsjettendring for utgifter til kontrollutval og revisjon 2026

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyre vedtek på tilleggsøyve 255.000 kr for å samsvare med kontrollutvalet sitt budsjettforslag for budsjettåret 2025. Dette vert belasta 1270.110.100. 155.000kr vert finansiert frå disposisjonsfondet. og 100.000 kr som reduksjon på budsjetterte utgifter til hovudutvalet for levekår og likeverd med 100.000 kr
2. Kommunestyre vedtek følgjande presisering knytt til gebyrregulativet for 2026 :

Nye husleigesatsar blir vedteke:

Husleige		Pris 2026	
Omsorgsbustad med eigen strømmålar	kr pr mnd	6350	inkl. kommunale avgifter, eksl. straum
Omsorgsbustad utan eigen strømmålar	kr pr mnd	7400	inkl. kommunale avgifter og straum
Prestegardsstigen	kr pr mnd	6350	inkl. kommunale avgifter, eksl. straum
Trygdebustadar i Ryfoss	kr pr mnd	6350	inkl. kommunale avgifter, eksl. straum

Gebyr for matrikulering med utsett frist for fullført oppmålingsforretning (MUF) etter matrikkelforskrifta § 25 får eit fast tillegg på 25 % av ordinært gebyr.
Arbeid etter matrikkellova som krev ekstra saksbehandlingstid blir fakturert etter medgått tid med ein timesats på 1200 kroner.

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 16 stemmer (94%) - ANDR 1, AP 7, BIV 4, MDG 1, SP 3

Mot: 1 stemme (6%) - BIV 1

Stemmer:

Leif Solemsli (BIV)

KS - 011/26 Vedtak:

- Kommunestyre vedtek på tilleggsøyve 255.000 kr for å samsvare med kontrollutvalet sitt budsjettforslag for budsjettåret 2025. Dette vert belasta 1270.110.100. 155.000kr vert finansiert frå disposisjonsfondet. og 100.000 kr som reduksjon på budsjetterte utgifter til hovudutvalet for levkår og likeverd med 100.000 kr
- Kommunestyre vedtek følgjande presisering knytt til gebyrregulativet for 2026 :

Nye husleigesatsar blir vedteke:

Husleige		Pris 2026	
Omsorgsbustad med eigen strømmålar	kr pr mnd	6350	inkl. kommunale avgifter, eksl. straum
Omsorgsbustad utan eigen strømmålar	kr pr mnd	7400	inkl. kommunale avgifter og straum
Prestegardsstigen	kr pr mnd	6350	inkl. kommunale avgifter, eksl. straum
Trygdebustadar i Ryfoss	kr pr mnd	6350	inkl. kommunale avgifter, eksl. straum

Gebyr for matrikulering med utsett frist for fullført oppmålingsforretning (MUF) etter matrikkelforskrifta § 25 får eit fast tillegg på 25 % av ordinært gebyr.
Arbeid etter matrikkellova som krev ekstra saksbehandlingstid blir fakturert etter medgått tid med

ein timesats på 1200 kroner.

012/26 Revisjon av retningslinjer for tildeling av tilskott til berekraftig samfunnsutvikling.

Framlegg til vedtak:

Vang kommunestyre vedtek i denne omgang fylgjande endringar i gjeldande retningslinjer (pr. 23.03.2023) for tildeling av tilskot til berekraftig samfunnsutvikling:

- Pkt.4. Søknadsprosess

Søknad med prosjektmøte, finansieringsplan og andre relevante vedlegg skal sendast til postmottaket i Vang kommune: postmottak@vang.kommune.no

Søknadane blir handsama fortløpande av kommunedirektør og formannskapet . Formannskapet fastset evt. årlege søknadsfristar.

Søknad skal sendast før tiltaket blir igangsett.

- Pkt 5. Beløp for tildeling av støtte til næringstilskot

Kommunedirektøren handsamar og tek stilling til søknader om tilskot på inntil 25% av kostnadane for tiltaket - maksimalt 500.000 kroner.

Formannskapet handsamar og tek stilling til søknader om tilskot kor 25% av kostnadane for tiltaket utgjør tilskotssum over 500 000 kroner.

Ved vurdering av kor stort tilskot som skal gjevast, skal det leggast vekt på verdien tiltaket har Vang kommune og i kva grad tiltaket er i tråd med prioriteringane i punkt 3 og vedtekne målsetjingar i kommuneplanen sin samfunnsdel punkt 4.4.

Vidare skal tilskotet vurderast i høve til søkjaren si eiga evne til å finansiere prosjektet, og eventuelle andre offentlege eller private tilskot . Ved eventuelle andre offentlege må det takast omsyn til regelverk for samla offentlig støtte.

- Pkt.6. Utbetaling av tilskott.

Utbetaling av tilskot skjer etter gjennomført tiltak ved å sende inn rapport om kva som er gjennomført i lag med oppføring om utbetaling av tilskot til postmottak Vang kommune. Stadfesta prosjektrekneskap skal leggast ved .

Etter ynske frå søkjar kan inntil 50% av tilsagt beløp tilvisast når minst ein tilsvarande del av tiltaket er dokumentert gjennomført. Formannskapet kan ved særskilde tilfelle vedta at 50% av tilskottet kan utbetalast før tiltaket er påbegynt.

Delegerte vedtak om støtte til berekraftig samfunnsutvikling leggast fram for formannskapet som delegerte saker.

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Næringsstøtte, fremja av Leif Solemsli, Bygdelista i Vang

Beløpsgrensa som nå gjelder bør opprettholdes på kr. 50.000.- fram til reviderte retningslinjer foreligger.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 12 stemmer (71%) - ANDR 1, AP 6, BIV 1, MDG 1, SP 3

Stemmer:

Bjørn Olav Søndrol (AP)

Asgrim Opdal (BIV)

Lars Østbye Hemsing (AP)

Steinar Frøyen (AP)

Anne Karin Skjær (SP)

Erlend Eggen (MDG)

Kristin Bakke Lajord (SP)

Camilla Bjone Hålien (SP)

Vidar Eltun (AP)

Jørund Ødegård Lunde (ANDR)

Torill Gulbrandsen (AP)

Inga Bøe (AP)

Næringsstøtte: 5 stemmer (29%) - AP 1, BIV 4

Leif Solemsli (BIV)

Stemmer:

Jon Helge Solemsli (BIV)

Elisabeth Myhre (AP)

Leif Solemsli (BIV)

Odd Vidme (BIV)

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

KS - 012/26 Vedtak:

Vang kommunestyre vedtek i denne omgang fylgjande endringar i gjeldande retningslinjer (pr. 23.03.2023) for tildeling av tilskot til berekraftig samfunnsutvikling:

- Pkt.4. Søknadsprosess

Søknad med prosjektmøte, finansieringsplan og andre relevante vedlegg skal sendast til postmottaket i Vang kommune: postmottak@vang.kommune.no

Søknadane blir handsama fortløpande av kommunedirektør og formannskapet . Formannskapet fastset evt. årlege søknadsfristar.

Søknad skal sendast før tiltaket blir igangsett.

- Pkt 5. Beløp for tildeling av støtte til næringsstilskot

Kommunedirektøren handsamar og tek stilling til søknader om tilskot på inntil 25% av kostnadane for tiltaket - maksimalt 500.000 kroner.

Formannskapet handsamar og tek stilling til søknader om tilskot kor 25% av kostnadane for tiltaket utgjør tilskotssum over 500 000 kroner.

Ved vurdering av kor stort tilskot som skal gjevast, skal det leggjast vekt på verdien tiltaket har Vang kommune og i kva grad tiltaket er i tråd med prioriteringane i punkt 3 og vedtekne målsetjingar i kommuneplanen sin samfunnsdel punkt 4.4.

Vidare skal tilskotet vurderast i høve til søkjaren si eiga evne til å finansiere prosjektet, og eventuelle andre offentlege eller private tilskot . Ved eventuelle andre offentlege må det takast omsyn til regelverk for samla offentlig støtte.

- Pkt.6. Utbetaling av tilskott.

Utbetaling av tilskot skjer etter gjennomført tiltak ved å sende inn rapport om kva som er gjennomført i lag med oppmoding om utbetaling av tilskot til postmottak Vang kommune. Stadfesta prosjektrekneskap skal leggast ved .

Etter ynskje frå søkjar kan inntil 50% av tilsagt beløp tilvisast når minst ein tilsvarande del av tiltaket er dokumentert gjennomført. Formannskapet kan ved særskilde tilfelle vedta at 50% av tilskottet kan utbetalast før tiltaket er påbegynt.

Delegerte vedtak om støtte til berekraftig samfunnsutvikling leggast fram for formannskapet som delegerte saker.

013/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

05.02.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 013/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering